

**Fra:** Nedkvitne, Jon (JONE@kvam.kommune.no)  
**Sendt:** 14.10.2015 17:26:36  
**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak  
**Kopi:**

**Emne:** Uttale i frå Kvam herad til kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger  
**Vedlegg:** Kart med forslag til endringar i samsvar med rådmanne si tilråding.pdf

Hordaland Fylkeskommune  
Boks 7900  
5020 BERGEN

**Vår ref.**  
13/1114-15/N - 101.4/239

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
14.10.2015

## **Uttale i frå Kvam herad til kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger**

Viser til kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Heradsstyret i Kvam gjorde i sak 065/15, den 06.10.2015 fylgjande tiltak;

«Kvam herad er positive til arbeidet med Regional kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger, som legg til grunn ei balasert og berekraftig utvikling av Hardangerfjorden.

*Kvam herad har fylgjande merknader til planen;*

*Pkt 1. Området i Ålvik, jf vedlagt kart (område 1) vert vist som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur, i frå Seianeset til Kjespsø, område ved Floten vert spesifisert som område for akvakultur for botnkulturar.*

*Pkt 2. Området i mellom Fyksesund, Kvamsøy, Øystese og Norheimsund, (frå Nanes til Krossnes) jf vedlagt kart (område 2) vert vist som regionalt viktig område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne, der det ikkje er høve til etablering av akvakultur.*

*Pkt 3. Område sør for Kvamsøy i retning mot Solesnes, som ikkje er i konflikt med skipsleia, vert vist som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.*

*Pkt 4. Området (jf vedlagt kart område 3) for akvakultur ved Stekka/Saltkjelen vert endra i samsvar med vedlagt kart pga nærleik til viktige kultur- og friluftsområde på land. Området vert avgrensa i mot Stekka, men utvida i mot farleia midt i fjorden.*

*Pkt 5. Området (jf vedlagt kart, område 4) for akvakultur ved Aplavika/Lingaholmane vert endra i samsvar med vedlagt kart pga nærleik til viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne i Strandebarm og ved Lingaholmane. Området vert utvida sørover som vist på kartet.*

*Fleirbruksområde inklusiv botnkultur innafor holmane må vurderast som ein del av kystzoneplanen*

*Pkt 6. Fleirbruksområdet (jf vedlagt kart, område 5) i Mundheimsbukta (innafor tømmerkai, Nes og innerstedel av hyttefelt, Furhovde) Her vert akvakultur tatt bort inst i bukta pga av landskap og Kvam herad sine ynskje om redusert oppdrettsaktivitet i Mundheimsbukta.*

*Pkt 7. Fleirbruksområdet i frå Årsnes (mellom Dysvik og Oma) til kommunegrensa (jf vedlagt kart, område 6). I området ved Gravdal, bør akvakultur gå ut pga. dei nære kvalitetane og verdiane i strandsonen.*

*Pkt 8. Kvam herad støttar ikkje område for marint verneområde/korallar ved Horjona, dette bør fortsatt visast som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.*

*Pkt 9. Heile området vist som område (jf pkt 8 på vedlagt kart) ved Tveitnes i Ytre Ålvik, bør vise fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.*

*Pkt 10. Området for akvakultur, jf ventemerde ved slakteriet på Bakka, må vera av eit slikt omfang at det tilfredstiller arealet som er under regulering i sjø.*

*Pkt 11. Ta med setjefiskanlegg på land også i plankartet.*

*Pkt 12. Støtte til handlingsprogrammet om å registrera sjøbruksmiljø i Kvam herad.*

*Pkt 13. Ta med «Ytre Hardanger», jf mellom anna side 40, der det har falle ut av planen, og der det er naturleg å ta inn i planen.*

*Pkt 14. For alle områder der det er stor djupne, må fortøyningsone komma i tillegg.*

*Pkt 15. Tømmerkaien, Nes ved Mundheim, kai ved Fosse, Tørvikbygd og Steinstø, bør tas med som industrikai regionalt viktig, under tema «Regionalt viktige næringsområde ved sjø».*

Spørsmål om vedtaket og kart kan rettast til underteikna. Vedtaket vert sendt med atterhald om godkjent møteprotokoll.

Helsing

**Jon Nedkvitne**

Samfunns- og utviklingssjef

Telefon: 56553021

Epost: jone@kvam.kommune.no

**Mottakarliste:**

:

Hordaland Fylkeskommune Boks 7900 5020 BERGEN

**Vedlegg**

14.10.2015

**Tittel**

Kart med forslag til endringar i samsvar med rådmanne si tilråding

ArkivReferanse:#25479af7444e49a6935962a5449a498d2013001114#ACOS.WEBSAK#